



ÅRSMELDING 2017

Styret i 2017

Leiar:	Gunnstein Kvåle	Revisor:	Per Sverre Kvammen
Kasserar:	Marloes Vos	Valnemnd:	Kolbjørn Bergset (leiar)
Sekretær:	Borgny England Slagstad		Jorunn Helene Johansen
Varamedlem:	Hildur Smådal		Aud Andreassen
			Åse Kjærland (varamedlem)

Medlemmer

Ved slutten av 2017 har vi 65 aktive medlemmer som har møtt jamleg kvar veke. 72 medlemmer har i 2017 betalt kursavgift/medlemskontingent til Seniornett Førde. Totalt reknar vi med at 120-130 personar har fått dataopplæring ved Seniornett Førde sidan vi starta opp i 2009.

Seniornett Norge reknar med at minst 400 000 seniorar på landsbasis er utanfor det digitale samfunnet på grunn av manglande datakunnskap, dvs. 8-9 % av folket. Overført til Førde betyr dette at om lag 1000 personar i kommunen treng opplæring for å kunne nytte seg av digitale tenester. Vårt bidrag på 12-13 personar i gjennomsnitt per år monnar såleis lite til at alle eldre i Førde skal bli datakyndige i si levetid. I åra framover vil derfor naturleg fråfall på grunn av alder sannsynlegvis medverke meir til reduksjon i antall personar utan data-kunnskap enn vår innsats i Seniornett Førde.

Styrearbeid og aktivitetar

Det er gjennomført 5 styremøte og behandla 16 saker.

Landsmøte i Seniornett Norge på Thon hotell i Oslo

Landsmøte i Seniornett Norge blir halde annakvart år. På møtet den 5. mai deltok 93 utsendingar frå heile landet. Sogn og Fjordane var representert med folk frå Eid, Lærdal og Førde. Frå Førde møtte Monrad som styremedlem og Egil som einaste utsending av 4 moglege frå Seniornett Førde! Fleire må stille på neste landsmøte!.

Landsmøtet den 5. mai gjekk unna på kortare tid enn den oppsette tidsplanen, der Ivar Leverås var effektiv og strukturert møteleiar. Det var heller få innlegg frå møtedeltakarane til årsmelding, rekneskap og det andre som sto på saklista. Heller ikkje handlingsplan og budsjett for 2017-2018 utløyste stor debatt. Ein merknad gjekk på om Seniornett ville bli overflødig om nokre år etter kvart som "nye" eldre ville ha nødvendig datakunnskap. Her vart det replisert at data er "ferskvare", der det heile tida kjem noko nytt som folk må oppdatere seg på. Endring av vedtektene vart vedtatt einstemmig. Viktigast her var tillegget om oppretting av nettföreining for direkte medlemmer. Karin Moe Røisland, 73 år, frå Nesodden vart vald til ny styreleiar, og Monrad vart attvald i styret.

Prosjekt «Digihjelp»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) starta i 2017 eit nytt prosjekt «Digihjelp», som ei vidareføring av det 2-årige Digidel-programmet. Målet for det nye prosjektet er å få til eit fast tilbod i alle kommunar om grunnleggande digital kompetanse for innbyggjarar som treng hjelp til å komme seg på nett og bruke digitale tenester. Seniornett Norge er med i referansegruppa for prosjektet.

Vi i Seniornett Førde reknar oss som ein aktiv aktør for å gjennomføre målsettinga i KMDs prosjekt Digihjelp ved å vere eit fast vegleiingstilbod til eldre folk når det gjeld grunnleggande digital kompetanse. Vi skisserte derfor eit lokalt Digihjelp-prosjekt, og søkte Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane om kr 9 500 i støtte til å gjennomføre prosjektet. Viktigaste tiltaka i vårt prosjekt var:

- ✓ Innføring i grunnleggande digital kompetanse ved bruk av PC (nybegynnarar)
- ✓ Generell Innføring i bruk av smarttelefon/ nettbrett
- ✓ Bruk av smarttelefon til nye tenester i kvardagen (Vipps, nettbank, velferdsteknologi)

I tillegg rekna vi med å drive gjentakande repetisjon gjennom heile haustsemesteret. Vi fekk fullt tilslag på søknaden vår til Sparebankstiftinga, og har i haustsemesteret vore innom det meste av dei opplæringstiltaka vi skisserte i prosjektet, om enn ikkje like grundig som tiltenkt.

Instruksjon og opplæring

I tillegg til våre faste instruktørar, Monrad og Egil, har Helge, Marloes og Magny vore verdfulle medhjelparar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene. Helge er vår

«ekspert» når det gjeld å få PC'ane til å virke normalt, og spesielt oppsett av ulike e-postvariantar. Marloes har ved behov gitt støtteundervisning i mindre grupper til verdige trengande.

Vårsemesteret

Vi starta vårsemesteret med omgruppering av deltakarane. I haustsemesteret 2016 hadde vi prøvt med ei inndeling i 6 grupper, 2 nybegynnargrupper og 4 for vidarekomne, der fire fredagsgrupper møtte annakvar veke. Inndeling med 6 grupper gjorde at vi fekk 12-14 deltakarar i kvar gruppe, og såleis meir høvelege grupper både i høve til plassen i kurslokalet og med tanke på oppfølging av kvar deltakar. Det var likevel mange som ikkje var nøgde med berre å møte annakvar veke, og vi fann det rettast å gå til bake til 4 grupper. Gruppene i vårsemesteret vart dermed nokså store med 19 deltakarar i kvar gruppe. Litt tilfeldig fram møte frå fleire deltakarar medførte at det som regel var færre deltakarar dei fleste dagane.

Monrad sjuk: Nokre veker ut i vårsemesteret vart Monrad sjuk, hamna på Haukeland universitetssjukehus, og måtte «kaste inn handkledet», som det heiter på boksespråket. Med Monrad ute fleire veker måtte vi prøve å halde det gåande på ein best mogleg måte framover ein del veker. Heldigvis kom Monrad tilbake i dei siste vekene av vårsemesteret, men naturlegvis noko prega av sjukdommen han hadde vore gjennom.

Monrads sjukdomsperiode viser at vi er svært sårbare dersom noko skjer med våre faste instruktørar. Å få tak i fleire ansvarlege instruktørar er derfor nødvending og må vera ei viktig oppgåve for styret i 2018.

Hautsemesteret

Vi starta som vanleg med informasjonsmøte i forkant av haustsemesteret. Viking er nå vårt aktuelle lokale når vi skal samle alle gruppene, etter at vi ikkje lenger har tilgang til underetasjen i Brunosten. Færre «nybegynnarar» møtte opp enn tidlegare år, 13 stk. møtte og var interesserte i å starte opp. Ved første ordinære kursdag for «nybegynnarane» var det likevel berre 11 stk. som møtte opp. Seinare utover i semesteret datt to til ifrå, delvis på grunn av sjukdom og delvis av andre grunnar.

For dei vidarekomne har vi for kvart år fått eit aukande plassproblem i kurslokalet med det opplegget vi brukar. Nokre av dei aktuelle vidarekomne valde å stå over haustsemesteret, slik at vi greidde å få plass til alle, sjølv om ei gruppe kom opp i 21 stk., dvs. ein deltakarar meir enn det absolutt maksimale vi har plass til.

Varierende nivå i gruppene. Utover i semesteret merka vi etter kvart at deltakarane i dei vidarekomne gruppene hadde eit for ulikt nivå. Vi fekk ein del merknader frå enkelte av dei mest vidarekomne om at det var for mykje repetering av enkle ting ved at instruktørane måtte ta mest omsyn til dei minst vidarekomne. Utover i november bestemte vi oss for å legge opp til ei omgruppering til vårsemesteret 2018. For å få til ei gruppering med mest mogleg likt nivå for alle deltakarane utarbeidde vi eit program med tre ulike nivå: Grønt, blått og raudt, med høve for deltakarane til å velje nivå og gruppe slik kvar enkelt meinte passa best. Ut frå dette rekna vi med at mange ville velje det mest avanserte nivå, raudt, men slik vart det ikkje. Dei aller fleste ville ha eit enklare nivå og valde grønt eller blått nivå.

Program og daglege tema i haustsemesteret har vi til ein viss grad prøvt å kople til tiltaka vi skisserte i vårt Digihjelp-prosjekt. Vi brukte m.a. ein god del tid på «Vipps», både med å installere Vipps-appen på mobiltelefonane og til lære korleis denne kan brukast på nyttig måte.

Ny nettside for Seniornett

Ny nettside for Seniornett (www.seniornett.no) var klar til landsmøtet 2017. Nettsida er utarbeidd av Mediebruket i Førde, og er basert på WordPress-programvare, som er brukt av 30 % av alle Internett-sider på verdensbasis. I tillegg til hovudsida til Seniornett Norge har alle lokalforeiningar egne sider, som delvis kan tilpassast med lokalt innhald. Ein god del av det generelle innhaldet ligg ope og kan lesast av alle, men mykje av det mest nyttige stoffet på sida er berre tilgjengeleg av medlemmer i Seniornett etter innlogging med brukarnamn og passord. For å redigere og legge inn stoff på lokalside må ein få tildelt «redaktøransvar» frå Seniornett Norge. Sida er derfor ikkje spesielt godt eigna til utveksling av informasjon mellom medlemmer i lokalforeining. Til slik bruk er vår Facebook-side meir nyttig.

På vår lokalside har vi så langt, i tillegg til litt info om sjølve foreininga, lagt ut alle dei detaljerte rettleiingane frå «Egils reviderte», våre vedtekter, årsmeldingar og styresamansetning. Vi har også lagt til ei lenke til vår Facebook-side sidan dette ikkje var lagt til rette for av Mediebruket.

Undervisningsmateriell

Vi tilrår framleis seniornettmagsinet til innføring i og hjelp med det grunnleggande. Men på den nye nettsida kan alle hente mykje informasjon, m.a. frå «Tips og triks», og ikkje minst frå alle datamanualane som Seniornett Norge har utarbeidd. Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike. Nokre av dei detaljerte rettleiingane vi har laga tidlegare har vi oppdatert i haustsemesteret og lagt dei ut på nettsida vår.

Programvare

Alle nybegynnarar, som ikkje har dei nyaste Office-versjonane, har fått høve til å kjøpe og installere Office 2016 frå dei lisensane vi har kjøpt gjennom TechSoup.

Møtelokale

Lokala vi disponerer i Brunosten er bra tilfredstillande for våre behov, sjølv om det blir litt trangt i kursrommet når alle møter i dei største gruppene (20 stk.). Likeins blir kaffikroken noko langstrekt når vi er fulltallige. Nytt i 2017 er at FFO krev husleige for vår bruk av lokala, og har sett opp ei leigeavtale med årleg leige på kr 11 340. I tillegg må Seniornett også betale for tilkopling til internett, med ca. kr 1500 per år.

Sosialt opplegg

Vår felles, halv-times kaffipause i sofagrappa ute i gangen/hallen er eit høgdepunkt i kvar gruppe, og noko dei fleste set pris på. Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Medan vi sit i sofagrappa tar vi gjerne ein kort repetisjon på det vi har prøvt oss på inne i kursrommet (populært kalla: «Monrads overhøyring»).

Ordninga der ein av deltakarane tar med seg «noko attåt» til kaffien har vi fortsett med. Dette går på omgang, og er enkelt og praktisk. Kaffi/te kokar vi på minikjøkkenet på Brunosten.

Vi hadde som vanleg avslutning av vårsemesteret før påske, og julefest i desember. For desse fellessamlingane er Hildur vår uvurderlege, strukturerte og punktlege koordinator.

Helsing styret og instruktørane

Gunnstein, Borgny, Marloes og Hildur
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem

Monrad og Egil
instruktørar

Rekneskap

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2017		Budsjett 2017	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	9 500,00		26 000,00	
Programvarer (Office)	5 851,00		5 500,00	
Kaffipengar	24 386,00		15 000,00	
Tilskot	41 344,13		22 000,00	
Finansinntekter (renter)	76,00		20,00	
Godtgjersle til instruktører for utlegg		23 000,00		25 000,00
Servering		8 495,59		10 000,00
Utstyr		1 702,20		10 000,00
Annonser, porto		986,25		2 200,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00		1 200,00
Reiseutgifter		4 025,70		10 000,00
Lokalleie		2 000,00		
Andre utgifter		3 713,00		10 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		225,00		120,00
Resultat		35 809,39		
Sum	81 157,13	45 347,74	68 520,00	68 520,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	81 157,13	
Sum utgifter		45 347,74
Fordringar 31.12.2017	0,00	
Gjeld 31.12.2017	0,00	0,00
Resultat (overskot)		35 809,39
Sum	81 157,13	81 157,13



BALANSEKONTO per 31.12.2017

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskot per 01.01.2017	43 328,50	
Årsresultat	35 809,39	
Debitorar (fordringar)	0,00	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2017		79 137,89
Sum	79 137,89	79 137,89

Per Sverre Kvammen
Revisor

Marloes Vos
kasserar

Rekneskap – Diagram for inntekter og utgifter



SENIORNETT FØRDE

Revisjonsmelding for 2017

Eg har gått gjennom rekneskapen for 2017. Ved revisjonen har eg sett gjennom rekneskapsbillaga, og meiner at dei er korrekt postert i høve til kontoplanen. Inn og utbetalingane samsvarar med kontoutskriftene frå banken.

Eg tilrår at rekneskapen til seniornett Førde for 2017 blir godkjend.

Lavik, 13. februar 2018


Per Sverre Kvammen

Vald revisor

Budsjett 2018 (forslag)

	Inntekter	Utgifter
Kursavgift 2017/2018	25 000,00	
Programvarer (inkl lisensar)	3 000,00	
Kaffipengar	24 000,00	
Tilskot	19 000,00	
Finansinntekter (renter)		
Godtgjersle til instruktører for utlegg		25 000,00
Servering		12 000,00
Utstyr		5 000,00
Annonser, porto, kopiering		5 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 500,00
Reiseutgifter		5 000,00
Lokalleige		15 000,00
Andre utgifter		2 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		500,00
Resultat		0,00
Sum	71 000,00	71 000,00